

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Sveinung Toft | FA - S11 | 15/186 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 073/2015 | Formannskapet | PS | 09.06.2015 |
| | Kommunestyret | PS | |

Fråsegn til søknader om å byggja seks kraftverk i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Høringsbrev - Masfjordenpakken - seks småkraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland med vedlegg

Saksutgreiing - Fråsegn til søknader om å byggja seks kraftverk i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune rår til at avbøtande tiltak knytt til minstevassføring og omsyn til fugle- og dyrelivet bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår, og har følgjande fråsegn til dei seks konkrete konsesjonssøknadane:

Sandneselva kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Sandneselva kraftverk.

Av omsyn til bekekløftsamfunn, fossefall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast. Det må takast omsyn til friluftslivet under anleggsperioden.

Nørlandselva kraftverk

Masfjorden kommune rår av landskap- og miljøomsyn i frå at det vert gjeve konsesjon for å byggja Nørlandselva kraftverk.

Dersom det likevel vert gjeve konsesjon må det setjast krav om minstevassføring i perioden 1. mai til 15.september som ivaretek kvaliteten til vassdraget for raudlisteartar, for vasskvaliteten og for omsynet til naturmiljø og landskap. Utanom denne perioden må minstevassføringa vera minimum 0,15 m³/s.

Alternativ 1 vert tilrådd som røyrgatetrase. Denne må leggjast langs eksisterande skogsbilveg der det er mogeleg, og god landskapstilpassing for denne og for kraftstasjon må ivaretakast.

Bjørneklettbotn kraftverk

Masfjorden kommune rår i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og miljø langs elva. Bakgrunnen er at redusert vassføring får store konsekvensar for opplevinga av natur- og kulturlandskapet i dalføret. Omsynet til friluftsliv og raudlistearter må og vektleggjast, samt at prosjektet tidlegare er vorte avslått i samband med Samla Plan.

Fossdalen kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Fossdalen kraftverk.

Av omsyn til naturmiljøet må høgare minstevassføring vurderast, og av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrgatetrase til Dyrkollrelva vurderast på nytt.

Røyrgatetraseen langs Fossdalselva må planleggjast og byggjast slik at kommunevegen vert ivareteken på ein god måte. Det må setjast vilkår om at kommunevegen vert sett i stand og asfaltert før

kraftverket kan byrja å produsera.

Sulelva kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Sulelva kraftverk. Av omsyn til landskapsverdien til fossen ved Kalhovda bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarhalvåret for Svaelva.

Haugsvær kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Haugsvær kraftverk, på vilkår av at røyrtraseen ikkje kjem i konflikt med planlagd bustadområde innanfor reguleringsplan for Haugsværdalen.

Saksopplysningar:

Sjå vedlegg

Formannskapet - 073/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Egil Kvingedal, V la fram framlegg om endring i framlegg til vedtak frå rådmannen når det gjeld Nørlandselva kraftverk:

Nørlandselva kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Nørlandselva kraftverk.

Av omsyn til naturmiljøet må det setjast krav om minstevassføring i perioden 1. mai til 15.september som ivaretek kvaliteten til vassdraget for raudlistearter, for vasskvaliteten og for omsynet til naturmiljø og landskap. Utanom denne perioden må minstevassføringa vera minimum 0,15 m³/s.

Alternativ 1 vert tilrådd som røyrгатetrase. Denne må leggjast langs eksisterande skogsbilveg der det er mogeleg, og god landskapstilpassing for denne og for kraftstasjon må ivaretakast.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen og framlegg til vedtak frå Venstre vart røysta opp mot kvarandre. Framlegg til vedtak frå Venstre vert tilrådd til kommunestyret mot ei røyst (KrF).

FS - vedtak:

Masfjorden kommune rår til at avbøtande tiltak knytt til minstevassføring og omsyn til fugle- og dyrelivet bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår, og har følgjande fråsegn til dei seks konkrete konsesjonssøknadane:

Sandneselva kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Sandneselva kraftverk. Av omsyn til bekkekløftsamfunn, fossefall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast. Det må takast omsyn til friluftslivet under anleggsperioden.

Nørlandselva kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Nørlandselva kraftverk.

Av omsyn til naturmiljøet må det setjast krav om minstevassføring i perioden 1. mai til 15. september som ivaretek kvaliteten til vassdraget for raudlisteartar, for vasskvaliteten og for omsynet til naturmiljø og landskap. Utanom denne perioden må minstevassføringa vera minimum 0,15 m³/s.

Alternativ 1 vert tilrådd som røyrгатetrase. Denne må leggjast langs eksisterande skogsbilveg der det er mogeleg, og god landskapstilpassing for denne og for kraftstasjon må ivaretakast.

Bjørneklettbotn kraftverk

Masfjorden kommune rår i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og miljø langs elva. Bakgrunnen er at redusert vassføring får store konsekvensar for opplevinga av natur- og kulturlandskapet i dalføret. Omsynet til friluftsliv og raudlistearter må og vektleggjast, samt at prosjektet tidlegare er vorte avslått i samband med Samla Plan.

Fossdalen kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Fossdalen kraftverk. Av omsyn til naturmiljøet må høgare minstevassføring vurderast, og av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrгатetrase til Dyrkollelva vurderast på nytt. Røyrtraseen langs Fossdalselva må planleggjast og byggjast slik at kommunevegen vert ivareteken på ein god måte. Det må setjast vilkår om at kommunevegen vert sett i stand og asfaltert før kraftverket kan byrja å produsera.

Sulelva kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Sulelva kraftverk. Av omsyn til landskapsverdien til fossen ved Kalhovda bør ei høgare minstevassføring vurderast i sommarhalvåret for Svaelva.

Haugsvær kraftverk

Masfjorden kommune rår til utbygging av Haugsvær kraftverk, på vilkår av at røyrtraseen ikkje kjem i konflikt med planlagd bustadområde innanfor reguleringsplan for Haugsværdalen

